

## **Innspel frå Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd og Nordfjella villreinutval**

Vi viser til invitasjon og ønske frå KLD 10.08.2023 om skriftlege innspel på ny politikk til stortingsmeldinga om villrein. Innspelet er felles frå villreinnemnda og villreinutval.

Bakgrunnen for arbeidet er m.a. kvalitetsnormen for villrein som for Nordfjella sin del viste dårleg tilstand for deltema helse og for deltema funksjonelle trekkpassasjer.

Generelt har Nordfjella dei same utfordringane for villreinen som dei fleste andre villreinområda. Kort oppsummert er dette fragmentering av leveområde, auka ferdsel, auka hyttebygging i kommunane rundt Nordfjella, spesielt på austsida. Området er allereie oppdelt etter omfattande kraftutbygging, i tillegg til anleggsvegar, landbruksvegar og «hyttevegar», som saman med ferdsla, har ført til at gode beiteområde er gått ut av bruk og fører til at reinen er meir samla på mindre område. Konsekvensane av dette er m.a. auka risiko for ulike sjukdommar.

No er det verdt å merke seg at bestanden i Nordfjella har hatt god helsestatus fram til skrantesjuka vart oppdaga i 2016. Det har knapt vore påvist fotråte i området og vektane har vore relativt gode. Dette er i sterk kontrast til situasjonen på Hardangervidda. Etter vårt syn er det derfor framleis håp om å berge den kvalitativt gode bestanden i Nordfjella, dersom dei rette tiltaka blir sett inn i nær framtid. Avgjerande her er at reetableringa av villrein til sone 1 bør skje så snart som mogleg, og med villrein frå sone 2.

Vi vil under gå gjennom dei enkelte punkta som KLD har sett opp 1. september i nyhetssaka «Regjeringa ber om innspill til ny villreinpolitikk».

- 1. Bestandsforvaltning.** Dette har stort sett fungert godt i Nordfjella, og både villreinutval og nemnd har i dag dei verkemidla som er naudsynt for å forvalte bestanden på ein god måte. Vi ser derfor ikkje behov for ny politikk på dette området, men meiner at tiltaka som er skisserte i kvalitetsnormrapporten, m.a. når det gjeld teljemetodikk, er gode.
- 2. Dyrehelse.** CWD og risikoen for nye smittetilfelle, må vi mest truleg leve med i uoverskodeleg framtid. Dette er ville dyrepopulasjonar og det er ikkje mogleg å ha den kontrollen med dyra som ein har i tradisjonelt husdyrhald. Det vil derfor vere naudsynt med prøvetaking for CWD, og for andre sjukdommar, i lang tid. Sidan vi ikkje har kunnskap om kvifor CWD oppstod, er det og vanskeleg å peike på gode tiltak for å hindre nye sjukdomstilfelle. Men eit godt utgangspunkt er ein villreinbestand i god kondisjon, tilgang til gode beiteområde gjennom året, og med lite uroing i leveområda.

Førekost av fotråte er mest truleg eit resultat av at reinen ikkje lenger kan nytte seg av den opprinnelege sykliske beitebruken, men blir pressa saman på mindre område som gjerne og er av dårlegare kvalitet. Dette ser vi mest tydeleg på Hardangervidda. Klimaendringane kan og spele inn her.

Eit uavklart spørsmål som bør undersøkast er om salteplassane for sau i villreinområda bør avviklast, eller utformast på ein slik måte at dei ikkje påverkar reinen i området. Det er påvist overføring av parasittar frå sau til rein, og det er ein teoretisk sjanse for overføring av CWD prionar frå jordsmonnet på salteplassane til rein. Det bør vere mogleg i samarbeid med landbruksnæringa å finne fram til gode alternativ til salting, t.d. ved bruk av GPS merking av dyra.

- 3. Arealforvaltning.** Dette er ein viktig faktor for korleis villreinens leveområde skal forvaltast for framtida. Eit skritt på vegen er å gjere dei regionale planane juridisk bindande. Det ligg mykje godt arbeid og god kunnskap i planane, men med berre retningsgjevande verknad er planane tilnærma utan verdi.

Det må vere sterkare og tydelegare føringar frå sentralt hald for korleis kommunane kan nytte plan- og bygningslova i villreinområda og i randsonene til områda. Slik det er i dag er det for mykje kompromiss mellom næringsverksemd/arbeidsplassar og økonomi på den eine sida og å sikre villreinområda på den andre sida. Dei siste 20-30 åra har vist at kommunane ikkje er i stand til å ha dette ansvaret aleine, all arealrekneskap viser dette tydeleg, og villreinen er taparen.

Kommunar med areal i nasjonale villreinområde må behandle dette som NEI område for utbygging, og det må vere strenge føringar for bruken av areala som ligg inn mot områdegrensen. Dispensasjonar i villreinområda skal ikkje vere mogleg, og dersom det frå før ligg inne kommunale godkjente planer for t.d. hyttefelt innanfor leveområda, må dei takast/kjøpast ut.

Statlege planretningslinjer må vere tydelege og strenge.

- 4. Restaurering.** Nokre tiltak vil vere relativt enkle å gjennomføre, som fjerning av DNT hytter og andre hytter som er i konflikt med villreinens bruk av området. Det må vere ei ordning med økonomisk kompensasjon slika t eigarane ikkje blir skadelidande. Slike «restaureringstiltak» vil truleg kunne ha rask positiv effekt. Samstundes må og stinettet endrast. Stenging av vegar, både anleggsvegar og fylkesveg/riksveg bør utgreiast, og om mogleg legge deler av dei utsette/negative strekningane i tunell. T.d. kan dette gjelde fv. 52 Aurland - Hol der ei vinterstenging ville betra situasjonen for denne viktige trekkpassasjen mellom sone 1 og 2. Det må koma verkemiddel for å regulere stopp og overnatting (t.d. bubilparkering) langs vegstrekningar som avskjer viktige trekk for villrein. Likeins bør det vurderast om anleggsvegane i fjellet skal stengast for allmenn ferdsle, sjølv om det i dag ligg inne i konsesjonsvilkåra at dei skal vere opne. Der oppdemming av reguleringsmagasin har

ført til at viktige trekkvegar for rein er stengde, må det vurderast tiltak for å restaurera desse. Slik vurdering må gjerast etter kvart som - eller helst før - dei ulike kraftkonsesjonane kjem opp til revisjon, og tiltaka må finansierast ved at både kraftutbyggjarane og staten går inn med dei ressursane som trengst. Der fleire utbyggingsprosjekt har samverkande negativ effekt, må ein vurderer korleis dei samla ressursane best kan nyttast for å oppnå best mogleg effekt for villreinstamma.

- 5. Ferdsel.** Allemannsretten er sentral i Noreg, og bør halde fram slik. Men, vi kjem truleg ikkje utanom at det må vere mogleg å innføre strenge ferdselsrestriksjonar når gode faglege grunnar tilseier dette. Her må regelverk/heimel for å innføre restriksjonar klargjerast og om naudsynt bør dette inn i lovverket. Fri ferdsel må vere fri ferdsel under ansvar. Slik samfunnet har utvikla seg, er det etter vårt syn på tide med ei justering av allemannsretten for å ta vare på naturen.

Motorferdsel er ifølgje alle som er involverte i forvaltninga av fjellområda med villrein altfor omfattande. Her må alle brukargrupper redusere bruken sin. Dette gjeld alt frå den einskilde grunneigar til offentleg forvaltning, oppsyn og forskning.

Med vennleg helsing

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Villreikutvalet for Nordfjella